

RIKSANTIKVAREN

STRATEGI 2017-2021

Riksantikvaren er direktorat for kulturminneforvaltning og fagleg rådgivar for Klima- og miljødepartementet i utviklinga av den statlege kulturminnepolitikken. Riksantikvaren har også ansvar for at den statlege kulturminnepolitikken blir gjennomført. I denne samanhengen har Riksantikvaren eit overordna fagleg ansvar for det arbeidet fylkeskommunane og Sametinget gjer innanfor kulturminne, kulturmiljø og landskap.



Nøkkelen inn til Austrått i Sør-Trøndelag. Foto: Siri Wolland, Riksantikvaren.

Riksantikvaren tek vare på kulturarv – viktige verdiar for kunnskap, oppleving og bruk





Føreord

Interessa for historie og kulturarv er stor i det norske folket, og mange eigarar og frivillige har eit sterkt engasjement for kulturminna. Her er det eit godt potensial for framtidssrette bruk og forvaltning.

Noreg er i endring. Nærings- og busetjingsmønster forandrar seg, og auka urbanisering gjer at mange verneverdige bygningar og miljø blir sette under press i byar og tettstader. Andre stader er prega av fråflytting. Store veg- og jernbaneprosjekt påverkar kulturlandskap og arkeologiske kulturminne. Ser vi endå større på det, er klimaendringar, miljøbelastningar og folkeforflyttingar globale tendensar som også påverkar oss.

Som direktorat for kulturminneforvaltning og fagleg rådgivar for Klima- og miljødepartementet i utviklinga av den statlege kulturminnepolitikken har Riksantikvaren ei avgjerande rolle i å gjere strategiske vegval på kulturminnefeltet. Denne strategien skal vere grunnlaget for dei avgjerdene Riksantikvaren skal ta dei komande fem åra, frå 2017 til 2021. Dei strategiske satsingane gir overordna føringar for nødvendige prioriteringar vi må gjere for at vi skal lukkast i åra framover. Kulturminna må forvaltast i lys av endra samfunnsvilkår.

Stortinget har fastsett nasjonale mål for kulturminneområdet fram mot 2020, mellom anna gjennomføring av bevaringsprogramma, ei meir representativ fredingsliste og redusert tap av kulturminne i kommunane. Det blir no arbeidd med nye nasjonale mål for kulturminneforvaltninga, og desse skal tre i kraft frå 2018.

Ikkje berre samfunnet rundt oss, men også den offentlege forvaltninga er i endring. Ei regionreform og ei kommunereform er sett i gang, og vi må rekne med at det snart blir etablert større regionar og kommunar. Frå 2020 skal ansvar og styresmakt for enkelte kulturminneområde bli delegert til den regionale kulturminneforvaltninga. Dette påverkar også Riksantikvaren. Vidare vil krav om effektivisering og digitalisering i offentlig sektor også føre til endringar for oss. Med ei delegering av enkelte ansvarsområde frå 2020 opnar det seg fleire moglegheiter. Større regionalt og lokalt ansvar og medverknad kan bidra til å fremje kulturminna både i kommunar og fylke. Kulturminneforvaltninga i framtida må vere tydeleg, og relevante samfunnsaktørar må bidra til at kulturminna blir ein ressurs.

Ei meir reindyrka direktoratsrolle for Riksantikvaren vil føre til styrkt innsats på fleire område der vi også i dag har eit viktig ansvar. Vi ønskjer å vere tidlege og tydelege både i utøving av den statlege politikken og i den faglege rådgivinga og støtta vår til fylkeskommunar og kommunar. Riksantikvaren har ekspertise på kulturminnefeltet, og det er viktig at denne kompetansen blir teken vare på og utvikla vidare, slik at vi kan fylle direktoratsrolla fram mot 2020. Vi treng motiverande og resultatorienterte leiingar og engasjerte og kompetente medarbeidarar for å lukkast.

Riksantikvaren har dei siste åra utarbeidd ei rekkje faglege strategiar, som er eit fundament for den overordna strategien. Ein overordna strategi må vere eit levande dokument. Endra politiske føringar, økonomiske rammevilkår og nivået på tilskotsmidlar gjer at prioriteringar må justerast undervegs.

Som del av strategiarbeidet har Riksantikvaren vedteke ein ny visjon for direktoratet:

Riksantikvaren tek vare på kulturarv – viktige verdier for kunnskap, oppleving og bruk.

Denne strategien er først og fremst laga for å gi rett fart og retning på arbeidet til Riksantikvaren fram mot 2021. Vi håpar at kulturminneforvaltninga elles og andre samarbeidspartnarar også vil ha nytte av han.

Med helsing

Innhold

Samfunnsoppdraget til Riksantikvaren	5
Nasjonale mål på kulturminnefeltet	5
Visjon for Riksantikvaren	5
Utfordringar gir moglegheiter	7
Strategiske satsingar	8
Organisasjon	9
Direktoratsrolla til Riksantikvaren etter 2020	11
Handlingsplanen	12
Fagstrategiane til Riksantikvaren	13

Samfunnsoppdraget til Riksantikvaren

Riksantikvaren skal arbeide strategisk, langsiktig og effektivt med dei midlane som er stilte til rådvelde, for å sikre at mangfaldet av kulturminne, kulturmiljø og det kulturhistoriske innhaldet i landskapet blir forvalta og teke vare på som bruksressursar og som grunnlag for kunnskap, opplevingar og verdiskaping. Eit representativt utval av kulturminne, kulturmiljø og landskap skal bli tekne vare på i eit langsiktig perspektiv.¹

Riksantikvaren har også ansvar for at den statlege kulturminnepolitikken blir gjennomført, og har eit overordna fagleg ansvar overfor kommunane, fylkeskommunane, Sametinget, Sysselmannen på Svalbard og forvaltningsmusea på kulturminnefeltet.

Riksantikvaren skal arbeide internasjonalt på kulturminnefeltet. Vi skal formidle kontakt mellom norske og internasjonale fagmiljø, representere norske styresmakter i relevante internasjonale organ og sørge for at konvensjonar og avtalar om kulturminne og kulturmiljø blir følgde opp.

Som sentral rådgivande og utøvande faginstans for forvaltning av kulturminne skal råda våre vere fagleg funderte. Når vi utøver styresmakt, skal dei kulturminnefaglege omsyna vegast opp mot andre samfunnsrelaterte omsyn.

Som overordna faginstans for regional og lokal kulturminneforvaltning har Riksantikvaren som mål at vi skal utøve den statlege kulturminneforvaltninga med respekt for og i dialog med lokale og regionale styresmakter. Som fagleg rådgivar og samarbeidspartnar skal vi vere eigar- og brukarorienterte, og yte god service.

NASJONALE MÅL PÅ KULTURMINNEFELTET ²

Regjeringa og Stortinget fastset dei nasjonale miljømåla. I dag har vi 26 miljømål som dekkjer naturmangfald, klima, forureining, friluftsliv, kulturminne og kulturmiljø, og polarområda.

Dei nasjonale måla for kulturminne og kulturmiljø er:

Nasjonalt mål 2.1. Tapet av verneverdige kulturminne skal minimerast. Innan 2020 skal det liggje føre oversikter over verneverdige kulturminne og kulturmiljø for kvar kommune som grunnlag for å prioritere eit utval som skal takast vare på.

Nasjonalt mål 2.2. Eit prioritert utval automatisk freda og andre arkeologiske kulturminne skal ha eit ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020.

Nasjonalt mål 2.3. Eit representativt utval kulturminne og kulturmiljø skal vere vedtaksfreda innan 2020.

Nasjonalt mål 2.4. Freda bygningar, anlegg og fartøy skal ha eit ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020.

Det blir no utarbeidd nye nasjonale mål som skal gjelde frå 2018. Dei nye måla vil ifølgje Prop. 1 S (2016–2017) både sørge for at kulturminne blir sette i stand og haldne ved like, at det antikvariske arbeidet held høg kvalitet, og at samfunnsnyttespektivet samtidig kjem tydeleg fram.

Visjon for Riksantikvaren

Riksantikvaren tek vare på kulturarv – viktige verdiar for kunnskap, oppleving og bruk

Mottoet vårt er:

Fortida gjer framtida rikare

¹ Kjelde: Instruks for virksomhets- og økonomistyring hos Riksantikvaren 2016

² Kjelde: regjeringen.no



Færder fyr, Vestfold. Foto: Eivind Lande, Riksantikvaren.

Utfordringar gir moglegheiter

Det norske samfunnet står overfor endringar som også påverkar kulturminnefeltet. Utfordringane er mellom anna knytte til klimaendringar, demografiske endringar, endra busetjingsmønster og næringsgrunnlag, trongare offentleg økonomi og rask teknologisk utvikling. Skal kulturarven ha legitimitet og verdi, må vi forvalte han på ein måte som gjer han til ein positiv ressurs og ein del av løysinga på samfunnsutfordringane i vår tid. Samfunnsnytteperspektivet er derfor viktig i arbeidet framover. Vi må aktualisere kulturminna i den generelle samfunnsdebatten. Vi ønskjer å dokumentere og formidle samfunnsseffektane av kulturarv, og korleis ein kan bruke kulturminne som ressurs i ei berekraftig samfunnsutvikling. I denne samanhengen blir det viktig å utvikle faget og hente inn gode døme og modellar. Dette vil samtidig kunne gi argument med større gjennomslagskraft og gjere kulturminnefeltet meir relevant i mange utviklingssamanhengar.

Urbanisering gjer at areal, verneverdige bygningar og historiske bymiljø blir sette under press. Store planlagde infrastrukturtiltak fører til omfattande arealinngrep og kan påverke kulturminne, kulturmiljø og landskap. Kulturminneforvaltninga må, i samarbeid med lokalmiljøa, avklare og formidle kulturminneverdiane tidleg. Slik kan vi også få lokalt engasjement for kulturarven. Tidleg avklaring av kulturminneinteressene vil leggje grunnlag for gode løysingar. Det grøne skiftet er ein grunnleggjande premis for samfunnsutviklinga i dag, og i denne samanhengen har kulturminneforvaltninga ei oppgåve i å utvikle kunnskap om korleis kulturarven kan bidra positivt.

Fråflytting er ein realitet mange stader, og det fører til at areal og bygningar går ut av bruk. At bygningar endrar funksjon, skjer på mange felt, og det speglar endringar i samfunn og næringsliv. Til dømes fører nye driftsformer i landbruket til at landbruksbygg blir ståande tomme. På grunn av fråflytting og sekularisering vil kyrkjebygga kunne miste folkegrunnlaget sitt og dermed funksjonen sin. Historiske bykjernar i mindre byar taper attraktivitet og funksjonar i konkurranse med etablering av forretningar og anna verksemd utanfor bykjernen. Uansett bygningstype utfordrar fråflytting oss i bevaringsarbeidet, sidan bruk i dei fleste tilfelle er ein føresetnad for vern. Her må kulturminneforvaltninga vere løysingsorientert og leggje til rette for gjenbruk og ny bruk. Vi skal også bidra til utvikling og formidling av gode modellar og døme på slike løysingar. Bystrategien til Riksantikvaren tek for seg mange av desse temaa og vil forhåpentleg hjelpe oss i dette arbeidet i åra framover.

Klimaendringar utfordrar kulturminneforvaltninga på ulike måtar. For det første påverkar klimaendringar bevaringsforholda for kulturminna. Det gjeld både bygningar og arkeologiske kulturminne. For det andre er det behov for å klimatilpasse eldre bygningar. Dette bør gjerast på ein slik måte at kultur-

minneverdiane ikkje blir reduserte. Vidare bruk av eksisterande bygningsmasse, inkludert verneverdige bygningar, er ein viktig del av eit berekraftig lågutsleppssamfunn.

Riksantikvaren skal samarbeide med ekspertise i inn- og utland for å byggje kunnskap. Denne kunnskapen er i kombinasjon med gode løysingar og døme nødvendig for å aktualisere kulturminne i klimadebatten.

Det er også store oppgåver og utfordringar som gjeld vern og bevaring i samband med **dei nasjonale miljømåla**. Det står att mykje arbeid før målet om ei representativ fredingsliste er nådd. Fredingsstrategien gir føringar og prioriteringar fram mot 2020, og fartøystategien skal reviderast med sikte på det same. Det står også att mykje før vi når måla om ordinært vedlikehald av kulturminne og det å ta vare på mangfaldet av kulturminne. Bevaringsprogramma og kommunesatsinga vil også framover vere viktige satsingar

Digitalisering er ein føresetnad for ei effektiv forvaltning. Regjeringa har vedteke ei omfattande IKT-reform for offentleg sektor med tydelege krav til digitalisering. God og effektiv forvaltning er avhengig av oppdatert og korrekt digital informasjon om kulturminna. Dette krev at informasjonen blir kvalitetssikra og brukt om att i digitale tenester til interne og eksterne brukarar. Her har vi eit stort arbeid framfor oss.

Digitalisering av forvaltninga vil effektivisere arbeidet og er ein føresetnad for å få den nye desentraliserte forvaltningsmodellen til å fungere smidig og heilskapleg. Digitale tenester og ambisjonen om opne data gir også høve til formidling og samkøyring med andre offentlege dataforvaltarar, til beste for innbyggjarane.

Overordna føringar frå regjeringa og ny teknologi gir mange moglegheiter for å utvikle verksemda vidare. Riksantikvaren skal i åra som kjem, prioritere digitaliseringsarbeidet høgt.

Ei **regionreform** skal tre i kraft frå 2020, ifølgje Meld. St. 22 (2015-2016) *Nye folkevalgte regioner – rolle, struktur og oppgaver*. Dette vil gi færre og større regionar og ny oppgåvefordeling. For at det regionale nivået skal bli styrkt som samfunnsutviklar, og for at oppgåvene skal bli lagde til lågast mogleg effektive nivå, vil fleire oppgåver som i dag ligg til Riksantikvaren, bli overførte til regionalforvaltninga. Riksantikvaren vil, også uavhengig av om regionreforma trer i kraft, i åra framover arbeide for denne nye oppgåvefordelinga. Målet er ei heilskapleg og effektiv kulturminneforvaltning. Dette er viktige oppgåver for Riksantikvaren. Vi skal drive fagutvikling, utvikle faglege føringar, retningslinjer, standardar og rutinar, og drive opplæring og kursing. Vi har også store oppgåver framfor oss innanfor system- og kunnskapsutvikling.

Strategiske satsingar

1. RIKSANTIKVAREN VIL AT KULTURMINNE SKAL BLI TEKNE VARE PÅ, BRUKTE, OPPLEVDE OG UTVIKLA VED Å

- a) arbeide for at kulturminne, kulturmiljø og landskap skal ha eit vern ved å nytte heile breidda av verkemiddel i tråd med strategiane til direktoratet
- b) bidra til god klima- og miljøforvaltning gjennom bevaring, vedlikehald og gjenbruk av kulturminne
- c) arbeide for at kunnskapsverdien i kulturminna kjem fellesskapet til gode
- d) bidra til å finne løysingar som gjer at kulturminne kan bli brukte og utvikla til beste for samfunnet
- e) bruke bevaringsprogram og tilskotspostar effektivt for å nå nasjonale mål

2. RIKSANTIKVAREN SKAL VERE PÅDRIVAR FOR KUNNSKAPS- OG FAGUTVIKLING VED Å

- a) kartleggje og definere kunnskapsbehovet til kulturminneforvaltninga
- b) stimulere til forskning, utvikling og utdanning på prioriterte felt
- c) arbeide aktivt for at forskingsresultat og annan kunnskap om kulturminne, kulturmiljø og landskap kjem forvaltninga og andre sektorar til gode
- d) arbeide for å gjere kvalitetsdata om kulturminne tilgjengelege for bruk i samfunnet
- e) delta i internasjonalt samarbeid og bruke internasjonale forskingsresultat og erfaringar i norsk kulturminneforvaltning
- f) ha den nødvendige kompetansen for å kunne utøve direktoratsrolla

3. RIKSANTIKVAREN SKAL SKAL VERE EIN TYDELEG OG RELEVANT SAMFUNNSAKTØR VED Å

- a) aktualisere kulturminne i samfunnsdebatten
- b) utvikle og vise fram kunnskap om kva samfunnsnytte kulturminna har
- c) bidra til og støtte det lokale engasjementet med særleg vekt på eigarar av kulturminne, kommunar og frivillige
- d) identifisere nasjonale kulturminneinteresser og bidra til at fylkeskommunar og kommunar identifiserer kulturminne av regional og lokal verdi
- e) byggje kunnskap om og engasjement for kulturminne gjennom formidling og kommunikasjon

4. RIKSANTIKVAREN VIL HA EI HEILSKAPLEG OG EFFEKTIV KULTURMINNEFORVALTNING GJENNOM Å ARBEIDE FOR AT

- a) ansvaret for kulturminne blir lagt til rett forvaltningsnivå
- b) alle forvaltningsnivå har god nok kapasitet og kompetanse
- c) alle forvaltningsnivå har nødvendige verktøy og verkemiddel som IT-system, rettleiarar, retningslinjer osv.
- d) saksbehandlinga blir effektiv gjennom digitalisering og god informasjonsflyt
- e) kulturminneforvaltninga har ein eintydig praksis i tråd med statlege og politiske føringar, ved at det blir utarbeidd føringar, strategiar og retningslinjer på prioriterte område



Drammen. Foto: Anders Amlo, Riksantikvaren.

Organisasjon

Riksantikvaren skal, til liks med staten elles, ha ein HR-strategi som bidreg til å fornye, forenkle og forbetre verksemda vår. For å lukkast med dette treng vi tydelege, motiverande og resultatorienterte leiarar, og engasjerte og kompetente medarbeidarar. Alle har samtidig eit ansvar for å bidra til eit godt og inkluderande arbeidsmiljø.

Når oppgåvefordelinga i kulturminneforvaltninga blir endra og krava til effektivisering og digitalisering blir sette ut i livet, er det nødvendig med omstilling av drifta. Dette vil mellom anna gi nye måtar å organisere oppgåvene på, andre samarbeidsformer og nødvendige organisasjonsendringar på kort og lang sikt.

Det skal utarbeidast ein HR-strategi for Riksantikvaren i 2017. Organisasjonsutvikling som tek utgangspunkt i kulturbygging og felles verdiar, vil vere eit viktig tema i dette arbeidet.

For å kunne nå dei strategiske måla for perioden skal Riksantikvaren satse på fire område innanfor organisasjonsutvikling:

Leiande kompetansemiljø

Riksantikvaren skal ha det beste kompetansemiljøet innanfor prioriterte kulturminnefaglege område. Kompetansen skal vere knytt til den rolla vi har innanfor fagpolitikk og utøving av styresmakt, og som systemeigar, fagekspert, rådgivar og samfunnsaktør. Den rette og relevante kompetansen skal ein oppnå gjennom strategisk kompetanseutvikling, god utnytting av den kompetansen ein har i dag, og målretta rekruttering.

Tydelege, motiverande og resultatorienterte leiarar

Riksantikvaren skal ha tydelege leiarar som er mål- og resultatorienterte, og som bidreg til å utvikle motivasjonen og kompetansen til medarbeidarane sine. Leiarane i Riksantikvaren går systematisk gjennom leiarutvikling som skal bidra til å oppnå gode resultat og godt arbeidsmiljø.

Kompetente og motiverte medarbeidarar

Medarbeidarane hjå Riksantikvaren skal ha god og relevant kompetanse, vere løysingsorienterte og ha evne til å endre og tilpasse eigen kompetanse i tråd med endringar i samfunnsoppdraget og rammevilkåra til Riksantikvaren. Alle medarbeidarar skal få høve til fagleg og personleg utvikling som er tilpassa dei behova Riksantikvaren har.

Fleksibel organisasjon

Riksantikvaren skal kontinuerleg vurdere organisering utifrå rammevilkår, krav og forventningar, og utvikle ein lærande og endringsvillig organisasjon. Dette vil seie at ein skal leggje opp til samarbeid på tvers, mellombels rekruttering av spesialkompetanse og justering av dagens organisering for å sikre at oppgåvene blir løyste på optimalt vis. Gode og føreseielege samarbeidsrutinar med organisasjonane skal gi den nødvendige fleksibiliteten.



Direktoratsrolla til Riksantikvaren etter 2020

Den fagpolitiske rolla

Riksantikvaren set i verk kulturminnepolitikken til Stortinget og regjeringa, og gir faglege innspel til departementet. Direktoratet skal sjå til at dei nasjonale måla blir følgde opp, og at den nødvendige likebehandlinga i kulturminneforvaltninga regionalt blir halden ved lag. Riksantikvaren skal utforme nasjonale fagstrategiar for bevaring, bruk og utvikling av kulturminne som felles verdier.³

Styresmaktsrolla

Riksantikvaren har fredingsstyresmakta. Direktoratet har dispensasjonsmynde for utvalde kulturminne av nasjonal verdi. Direktoratet er også klageorgan og kan fremje motsegner. Riksantikvaren har overordna ansvar for fordeling av statlege tilskot og gir bindande retningslinjer for kulturminneforvaltninga.

Ekspert- og rådgivarrolla

Direktoratet er overordna rådgivande instans i kulturminneforvaltninga. Riksantikvaren har og utviklar spisskompetanse på prioriterte fagfelt. Riksantikvaren skal gi faglege råd om bevaring, bruk og utvikling av kulturminne.

Samfunnsaktørrolla

Riksantikvaren er ein tydeleg og relevant samfunnsaktør. Riksantikvaren set i gang og tek del i viktige samfunnsdebattar i saker som gjeld kulturminne.

Systemrolla

Riksantikvaren er pådrivar for effektiv samhandling og kunnskapsdeling. Riksantikvaren skal utvikle verktøy som sikrar ei einsarta kulturminneforvaltning, og har ansvaret for sentrale data om kulturminne i offentleg forvaltning.



Helleristningsfelt, Hjemmeluft i Alta kommune. Foto: Bjørn Helberg og Line Bårdseng, Riksantikvaren.

³ Sjå eigen omtale av fagstrategiane til Riksantikvaren.

Handlingsplanen

Med utgangspunkt i strategien skal det utarbeidast ein handlingsplan som konkretiserer dei vegvala og prioriteringane Riksantikvaren skal gjere fram mot 2021. Handlingsplanen skal danne grunnlaget for årsplanar og driftsplanar for kvart år

framover. Strategien skal vere eit aktuelt og relevant styringsdokument, og må derfor oppdaterast jamleg i tråd med endringar i dei overordna føringane og føresetnadene.



Fagstrategiane til Riksantikvaren

Riksantikvaren har ei rekkje fagstrategiar som viser satsingar og prioriteringar for det faglege arbeidet vårt. Enkelte er av ny dato, medan andre skal oppdaterast og reviderast. Strategiane skal vere relaterte til klare mål frå Stortinget og regjeringa, dei skal byggje opp under den overordna strategien til

Riksantikvaren, og dei skal sjå faglege mål opp mot økonomisk handlingsrom. Fagstrategiane gjeld for område som er særskilt strategisk viktige, eller som har særskilde strategiske utfordringar.

Strategiar	Tidsperiode
• Strategi for forvaltning av kulturarv i byer	Skal vere ferdig desember 2016
• HR-strategi	Skal vere ferdig i 2017
• Digitaliseringsstrategi	Skal vere ferdig i 2017
• Fredningsstrategi mot 2020 for kulturminneforvaltningen	2015 - 2020
• Internasjonal strategi	2014 - 2020
• Riksantikvarens samarbeid med frivillige organisasjonar	2014 - 2017
• FOU-strategi	2014
• Strategisk plan for forvaltning av arkeologiske kulturminner og kulturmiljøer	2011 - 2020
• Nasjonal verneplan for fartøy	2010 - 2017
• Strategi for bymiljø, klima og energisparing	2009 - 2017
• Kommunikasjonstrategi	2009
• Strategi for arbeid med landskap	2007



Den Norske Opera og Ballett, Oslo. Foto: Dagfinn Rasmussen, Riksantikvaren.

Riksantikvaren tek vare på kulturarv – viktige verdier for kunnskap, oppleving og bruk

Mottoet vårt er:

Fortida gjer framtida rikare

